



Kjetil Losnegård  
Vardane 149  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7775 - 17/5583

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
24.03.2017

## Avvist klage på faktura for mellombels bruksløyve - gbnr 134/449 Hilland

**Administrativt vedtak. Saknr: 077/17**

**Tiltakshavar:** Nathalie Hayes og Kjetil Losnegård  
**Klage:** Klage på fakturert gebyr

### Saksutgreiing

Saka gjeld klage på gebyr for forlenging av mellombels bruksløyve gitt i vedtak datert 04.01.2017, administrativt vedtak 004/17. Klage er mottatt i e-post datert 01.02.2016 som er innanfor klagefristen.

Tiltakshavar skriv i klagen av dei krev å få tilbakebetalt innbetalt gebyr for forlenging av mellombels bruksløyve då sakshandsaminga av søknaden har tatt unødvendig lang tid, slik at dei ikkje har fått ferdigstilt tiltaket innan den fastsett fristen som vart gitt i mellombels bruksløyvet gitt i vedtak datert 27.07.2016.

### VURDERING:

Det følgjer av plan- og bygningslova § 33-1 1.ledd at kommunen har heimel til å fastsetja gebyr for tenester/arbeid som ein utfører etter plan- og bygningslova. Fastsetjing av gebyrsatsar gjennom eit regulativ vert å sjå som ei forskrift etter forvaltningslova § 2 bokstav c. Gebyra er standardiserte og er knytt direkte opp mot ulike tenester.

Det følgjer av forvaltningslova § 28 1.ledd at det er klagerett på eit enkeltvedtak. I forvaltningslova §2 1.ledd bokstav a, jf. b er eit enkeltvedtak ei avgjerd som vert treft under utøving av offentleg myndigheit og som gjeld rettar og plikter til ein eller fleire bestemte personar.

I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyr-forskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ilegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst



differensierte gebyrsatsar så fram det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjera kva gebyr som skal leggjast til grunn i den einskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjeringar.

I denne saka vart det søkt om forlenging av mellombels bruksløyve då vilkåra for å kunne søkja om ferdigattest for tiltaket ikkje var tilstades. Omsøkt etablering av støttemur, jf endringsmelding mottatt 04.11.2015, var ikkje handsama. Endringsøknaden omfatta også søknad om dispensasjon frå regulert byggjegrænse. Frist for handsaming av søknaden er 12 veker frå søknaden er komplett, med eventuelt tillegg for den tida søknaden er på høyring. Førebels svar med krav om tilleggsdokumentasjon vart send ut i skriv datert 18.12.2015. Frist for supplering vart sett til 30.01.2016.

Etter førespurnad frå tiltakshavar vart det gitt utsett frist til 01.03.2016 for supplering av søknaden, jf skriv datert 21.01.2016. Ytterlegar utsett frist for supplering av søknad, etter førespurnad frå ansvarleg søkjar, vart sett til 01.04.2016, jf skriv datert 01.03.2016. 04.04.2016 mottok kommunen tilleggsdokumentasjon.

Administrasjonen diskuterte saka munnleg med ansvarleg søkjar 08.06.2016. Problemstillinga kring omsøkte ansvarsrettar vart nemnd særskild. Det vart avtalt å avventa handsaminga av søknaden.

30.06.2016 mottok kommunen søknad om mellombels bruksløyve for tiltaket. I søknaden vart det bedt om at endringssøknaden om etablering av mur vart lagt på vent då det vart arbeidd med innsending av ny dokumentasjon. Mellombels bruksløyve vart gitt i vedtak datert 27.07.2016. Frist for ferdigstilling vart sett til 31.12.2016 slik omsøkt.

Kommunen mottok ytterlegare tilleggsdokumentasjon i skriv datert 07.09.2016. I vedtak datert 10.10.2016 var det gitt dispensasjon frå regulert byggjegrænse for omsøkt mur og avslag på søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar. Det låg ikkje føre tilstrekkeleg dokumentasjon til at byggjeløyve kunne gjevast.

19.12.2016 vart det søkt om forlenging av mellombels bruksløyve med frist for ferdigstilling sett til 01.08.2017. Søknaden var grunngitt med det pågåande arbeidet med utabeiding av søknad om etablering av støttemur. Nytt mellombels bruksløyve vart gitt i vedtak datert 04.01.2017 med frist for ferdigstilling av tiltaket som omsøkt.

På bakgrunn av innsendte søknad om forlenging av mellombels bruksløyve vart det gjeve gebyr i samsvar med punkt 10.2.9 i gebyrregulativet på kr. 4 500,-.

Lindås kommune kan ikkje sjå at det har vore rettsleg eller faktisk tvil om kva gebyr som skulle fastsetjast i saka. Betalingsplikta har ikkje oppstått som følgje av ei individuell avgjerd, og det fastsette gebyret i denne saka er ikkje å rekna som eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. fvl § 28 1.ledd.

Administrasjonen vil elles påpeika at det er ansvarleg søkjar, på vegne av tiltakshavar, sitt ansvar å sørge for at søknaden inneheld nødvendige opplysningar til at kommunen kan ta stilling til søknaden. Det har i denne saka tatt lang tid før saka vart supplert med etterspurd dokumentasjon. At dokumentasjonen ikkje var tilstrekkeleg til at kommunen kunne godkjenna tiltaket kan ikkje administrasjonen ta ansvar for.

## **VEDTAK**

**Klage på gebyr datert 01.02.2017 vert avvist med heimel i forvaltningslova (fvl) § 33 2. ledd, jf fvl § 28 1.ledd.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7775**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Kjetil Losnegård

Vardane 149

5911

ALVERSUND